

HEMSEDAL KOMMUNE

KULTUR- OG FRITIDSLEIAR

3560 HEMSEDAL

TELEFON (067) 78 155

H E M S E D Ø L E R !

REGISTRERING AV FORNMINNE I HEMSEDAL

I Hallingdalskommunane er det sett i gang eit prosjekt med registrering av fornminner. Det endelige målet for dette arbeidet er eit fellesbind over forhistoria til dei seks kommunane.

Kjeldene til forhistoria er fasteog løse fornminner, der faste fornminner er alle levningar etter menneskeleg verksemd i terrenget som er eldre enn 1537 (reformasjonen). Løse fornminner er gjenstander som er laga av menneske i tidbolken frå siste istid fram til 1537.

Særleg vil innføringa av jordbruksoppdrett og voksteren av dette verte tillagt stor vekt i prosjektet. Vidare vil ein sjå på fangstanlegg for rein og elg, for å forske på fangsten si rolle sosialt og økonomisk i regionen. Likeså med jernutvinning som har funne stad i alle kommunane.

Som ein lekk i arbeidet med dette i Hemsedal, vil ein be alle som veit om kolgroper, slagg- (sinder-)forekomstar, tjærebenningsplassar, gamle tufter og fangstgraver (både på fjellet og nede i bygda) om å melde frå til kulturkontoret slik at det kan takast med i undersøkinga.

Vidare er ein også interessert i å få registrert det som måtte vere av løse fornminner (økser, pilspisser o.a.) rundt om på "peishyllene".

Er det nokon som vil vere med i arbeidet med registreringa, er dette særleg velkomment. Gje beskjed til kulturkontoret.

Hemsedal kulturkontor, 8 okt 1986